



Sigrid H Aardal  
Organisasjonsavdelinga/  
Administrasjonsseksjonen

Dato: 27.06.2014  
Vår ref.: 2014/12606-5  
Saksbehandlar: josfare  
Dykkar ref.:

## **Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014,- oversending av klage for handsaming i Klagenemnda**

Gjeld søknadsnummer 2014-0010

Hordaland fylkeskommune har 26.02.2014 gjeve avslag om støtte på kr 600 000,- til prosjekt Raff designuke 2014, i regi av Design Region Bergen, frå budsjett Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014.

Design Region Bergen sendte 29.04.2014 klage på avslaget der det vert peika på at støtta er avgjerande for å gjennomføre Raff fagdag, frukostmøter og den kulturelle skulesekken. Søknadssummen er halvert til kr 300 000.

På grunn av svikt i interne rutinar ved omlegginga til Ephorte vart ikkje avslagsbrevet sendt ut før 07.04.2013.

Raff designuke har vorte arrangert i åra 2010-2013 og har tidlegare mottatt støtte frå fylkeskommunen til å utvikle arrangementet. Me vurderer no prosjektet til å ha gått over frå ein utviklingsfase og inn i ein driftsfase av arrangementet. Midlane til fylkeskommunen har slik sett ikkje lenger den utløysande effekten som tidlegare.

I avslagsbrevet heiter det: «*Vurdert i høve til andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar, er vi kome til at vi ikkje kan vere med på å finansiere prosjektet.*

*I høve avkortinga av Regionale utviklingsmidlar vert prosjekt som i stor grad medverkar til å nå måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 prioritert.»*

Vurderinga er gjort med utgangspunkt i næringsseksjonen sine styrande dokument, Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, vedtatt i Fylkestinget i juni 2013, og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014, vedtatt i fylkesutvalet 20. februar 2014.

Dei styrande dokumenta rettar merksemda mot tre innsatsområde som skal prioritertast i vurdering av prosjektsøknadar. Desse er: meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med meir relevant kompetanse og ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter. Prosjektet er vurdert til å ikkje imøtekome desse innsatsområda i høg nok grad til at det kvalifiserer til støtte.

Dette er i tråd med forskriftene til KMD, gjeldande frå 01.01.2014, kor § 11c seiar at det kan verte gjeve avslag dersom «*søknaden rangeres ikke høyt nok ut fra tildelingskriteriene sett i forhold til andre søknader*».

Hordaland fylkeskommune løyver i åra 2013, 2014 og 2015 kr 500 000,- til Design Region Bergen i driftsmidlar. Bruken av midlane er knytt opp til ein samarbeidsavtale som seier at Design Region Bergen skal arbeide for:

- a) Kompetanseutvikling med bransjeutviklende tiltak blant medlemmane i Design Region Bergen
- b) Fremje kunnskap om design og betydinga av strategisk design for nærings- og regionsutvikling, gjennom blant anna seminar, kurs og informasjonstenester
- c) Legge til rette for utvikling av nettverk mellom designaktørar og potensielle brukarar av strategisk design
- d) Initiere designprosjekt i regionen
- e) Medverke til å nå dei vedtekne måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Me vurderer det slik at dei aktivitetane som er framheva i klaga i stor grad bør ivaretakast gjennom dei årlege driftsmidlane Design Region Bergen mottar.

Vedlagt er klaga frå Design Region Bergen. Den resterande dokumentasjonen er å finne på saksnummer 2014/12606.

I klaga på avslaget frå Raff designuke vurderer me det til at det ikkje er kome fram noko grunnleggande nytt som tilseier at vedtaket skal gjerast om.

Regionalavdelinga tilrår difor at avslaget vert oppretthaldt og klaga avvist.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør for regional utvikling

Mette Nora Sætre  
Næringsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

